



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref
21/1956-9

Dato
18. november 2021

Klage på avslag på søknad om tilskot frå Statsbudsjettet kaptittel 1429 post 70

Klima- og miljødepartementet viser til klage frå Vestland fylkeskommune 6. mai 2021. Klaga gjeld avslag fatta av Riksantikvaren 18. april 2021 på søknad om tilskot frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 70 til å dekke utgifter til vakthald og tilsyn med beitedyr i helleristningsområdet i Vingen.

Riksantikvaren har vurdert klaga, og har fastheldt vurderinga si. Saka er send til Klima- og miljødepartementet for endeleg avgjerd i brev 3. juni 2021, jf. forvaltningslova § 33. Fylkeskommunen har kome med ytterlegare merknader i brev 16. juni 2021. Riksantikvaren har og kome med merknader i e-post 15. oktober 2021.

Klima- og miljødepartementet har vurdert alle sider av saka og har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket 18. april 2021.

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Bakgrunn

Helleristningsområdet i Vingen i Bremanger kommune blei områdefreda i 2001. Området er veglaust, og det blir brukt beitedyr for å få fram att og oppretthalde kulturlandskapet. Utgifter til vakthald og beitehold i Vingen og på Vingeneset utgjør årleg til saman kr. 92 036 eks. mva. Tiltaket blir finansiert som ei fast ordning i fellesskap av Bremanger kommune, Universitetsmuseet i Bergen, Statsforvalteren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Postadresse
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo
postmottak@kld.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 20
www.kld.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 882

Avdeling
Kulturminneavdelinga

Saksbehandlar
Elisabeth Fougner
22 24 59 55

Vestland fylkeskommune søkte 15. januar 2021 Riksantikvaren om tilskot på kr. 25 000,- over Statsbudsjettet, kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) til dekning av sin del av utgiftene til vakthald og tilsyn med beitedyra.

Søknaden blei avslått 18. april 2021. Avslaget var grunngitt med at Riksantikvaren dei siste 25 åra har gitt omfattande sum til årlege tilskot til arbeidet med dokumentasjon, skjøtsel og sikring av bergkunst i Vingen. Vidare er det vist til at tiltaka det blir søkt stønad til ligg utanfor rammene av Bevaringsprogrammet. Fylkeskommunen blei oppfordra til sjølv å dekkje utgiftene til årleg beiting og vakthald.

Fylkeskommunen si klage 6. mai 2021

Vestland fylkeskommune meiner at utgifta til årleg beiting og vakthald ligg innanfor rammene av programmet. Det er vist til krava og kriteria for ordninga i Prop. 1 S (2020-2021) Statsbudsjettet, Klima- og miljødepartementets rundskriv T-1/20 Tilskotsordningar for 2021 - Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne (Kap 1429 post 70), og Riksantikvarens "Orientering om søknadsprosedyrer for BARK og BERG av 17.12.20". Fylkeskommunen meiner at skjøtselstiltaka i Vingen blir omfatta av tildelingskriteriet "omfattande eller krevjande regelmessig skjøtsel/vedlikehald".

Fylkeskommunen har også vist til at finansiering av tilskot til kulturminne freda etter kulturminnelova er eit statleg ansvar, at det ikkje er relevant som grunngjeving for avslag at Riksantikvaren har nytta "omfattande beløp" til Vingen, og at det heller ikkje er eit kriterium i BERG-ordninga at regionalforvaltninga skal bidra.

Riksantikvaren sine merknader til klagen i oversendinga 3. juni 2021.

Riksantikvaren har vist til at søknader om stønad frå BERG har eit større årleg omfang enn det som er avsett til programmet, og at Riksantikvaren prioriterer å støtte oppstart av tiltak, som ofte er meir omfattande, eller regelmessige tiltak dersom desse er særskild krevjande eller har stort omfang eller stor kostnad.

Riksantikvaren avviser at finansiering av automatisk freda kulturminne er eit statleg ansvar aleine. Direktoratet fastheld at det er relevant i vurderinga av om tilskot skal gis at mange tiltak i Vingen fell innanfor kriteria for tilskotsordninga, og har blitt dekkja gjennom BERG sidan starten av ordninga i 2011, og før dette gjennom andre tilskotsordningar. Riksantikvaren viser også til at egen-finansiering er eit relevant moment som teller positivt ved vurderinga av søknader, noko som går fram av årets tilsagnsbrev og lang praksis.

Vestland fylkeskommune sine merknader i brev 16. juni 2021

Fylkeskommunen understrekar at skjøtselstiltaka i Vingen både er "omfattande" og gjeld "krevjande regelmessig skjøtsel/vedlikehald". Det er særleg vist til det kontinuerlege arbeidet og logistikken med å få ut dyr og halde dei i området. Området er vegløst, og det er ikkje tilrettelagt kai for ilandstiging av dyr. Verforhold, flo og fjøre spelar inn i planlegginga og terrenget i Vingen er svært krevjande å gå i. Kriteriet "krevjande" må etter Fylkeskommunens syn være knytt til sjølv skjøtselstiltaket, ikkje den oppdelte kostnadsramma.

Fylkeskommunen har også pekt på at Riksantikvaren sidan 1990-talet har gitt store summer i årleg tilskot til arbeid med skjøtsel av bergkunst i Vingen og på Vingeneset, og at det derfor er klart at tiltaket det er søkt støtte til ikkje ligg utanfor ramma for Bevaringsprogrammet for bergkunst.

Riksantikvaren sine merknader i brev 15. oktober 2021

Riksantikvaren legger til grunn at målene i bevaringsprogrammet BERG er videreført i 2021, og at dette opner for tilskot til regelmessig skjøtsel som anses "spesielt omfattende eller krevende", jf. Riksantikvaren sin årlege "Orientering om søknadsprosedyrer for BERG" frå Riksantikvaren til regional forvaltning. Riksantikvaren er einig i at det er en krevjande jobb å sette ut sauer og holde oppsyn med dem i Vingen/Vingeneset, men meiner dette ikkje er "særskilt krevjande" for fylkeskommunen. Det er vist til at fylkeskommunen kjøpar heile tenesta gjennom fast avtale med lokale gardbrukare, og sjølv berre dekkjer ¼ av kostnadene. Riksantikvaren meiner tildelingskriteria må sest i samanheng med om tiltaket er særskilt krevjande for fylkeskommunen, og ikkje den totale årelege arbeidsmengda i Vingen, som i stor grad blir administrert og utført av andre, med finansiering frå Riksantikvaren.

Klima- og miljødepartementet sin vurdering av saka

Departementet kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende, jf. forvaltningslova § 34 anna ledd. Synspunkta Vestland fylkeskommune har kome med i saka er vurdert.

Av statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 70 følger det at det under bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) kan gis tilskot til bl.a. dokumentasjon, skjøtsel og sikring, formidling og tilrettelegging av bergkunst, jf. Prop. 1 S (2020-2021) Statsbudsjettet. Departementet mener at beitehold og vakthold til beitedyr i helleristningsområdet i Vingen for å få fram att og oppretthalde kulturlandskapet er eit skjøtselstiltak som i utgangspunktet fell inn under bevaringsprogrammet for bergkunst under post 70. Riksantikvarens konkrete vurdering av søknaden synes også å legge dette til grunn.

Tildeling av tilskot over post 70 er nærmare regulert av Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-1/20 Tilskotsordningar for 2021 - Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne (Kap 1429 post 70). Det heter rundskrivet at tiltak som kan få tilskot mellom anna er "Skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrense slitasjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminne skal prioriterast. Tilskot er knytt opp mot bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og bevaringsprogrammet for bergkunst".

Omfanget av søknader om tilskot over post 70 under bevaringsprogrammet er større enn den økonomiske ramma for programmet. Nærmare kriterier for kva tiltak som prioriteres under programmet fremgår av Riksantikvarens informasjonsskriv "Statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 70 - Orientering om søknadsprosedyrer for BARK og BERG". Her heter det at fylkeskommunen kan søke om tilskot til regelmessig skjøtsel/vedlikehald som er "omfattande og krevjande".

Riksantikvaren har opplyst at det i praksis berre blir gitt tilskot til "regelmessige tiltak dersom desse er særskild krevjande eller har stort omfang eller kostnad". I vurderinga av kva tiltak som skal få tilskot, er det også praksis å leggje vekt på graden av eigenfinansiering. I denne saka har Riksantikvaren i tillegg lagt vekt på at det tidlegare er gitt tilskott til liknande formål i same område.

Det er eit spørsmål om kravet om "omfattande og krevjande" skjøtsel/vedlikehald knytter seg til den totale arbeidsmengden med tiltaket, eller til belastninga for dei enkelte organa som er involvert i oppgåva. Slik Riksantikvaren har formulert sine tildelingskriterier fremstår det for departementet som et grunnkriterium for tilskot at skjøtselen i seg sjøve er "omfattande eller krevende". Departementet meiner likevel at det ved vurderinga og prioriteringa av søknadene også må kunne legges vekt på i kva grad skjøtseltiltaket er ein stor kostnad for organet som søker tilskudd, slik Riksantikvaren har gjort.

Klima- og miljødepartementet har heller ikkje innvendingar mot dei andre momenta Riksantikvaren har lagt vekt på og den avveginga som er gjort i vurderinga av om søknaden skal innvilgast. Vi viser til Riksantikvaren si grunngiving.

Departementet finn heller ikkje at det er gjort feil ved saksbehandlinga eller rettsbruken som kan ha vore avgjerande for innhaldet i vedtaket. Vi har derfor ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket 18. april 2021.

Når det gjeld merknaden til fylkeskommunen om at finansiering av tilskot til kulturminne freda etter kulturminnelova er eit statleg ansvar, viser departementet til brev 3. juni 2021 frå Riksantikvaren og at staten sitt økonomiske ansvar for skjøtsel og forvaltning av bergkunst blir utøvd gjennom tilskotsordninga i BERG-programmet.

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Med helsing

Mathys Truyen (e.f.)
avdelingsdirektør

Elisabeth Fougner
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksantikvaren